

Informasjonsskriv om skulefritidsordninga for skuleåret 2025/2026

Målsetting

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

Skulefritidsordninga er knytt til Bokn skule og eigd av Bokn kommune. Opptaket vert gjort på skulen etter søknad om plass.

Skulefritidsordninga er for elevar i 1.- 4. trinn, og for barn med særskilde behov til og med 7. trinn. Alle som søker innan søknadsfristen får plass. Dei som søker etter fristen får plass dersom det er kapasitet på skulen. Stadfesting på plass vert sendt ut når det er tildelt plass.

Barnet beheld plassen til det er ferdig med 4. trinn eller til plassen vert sagt opp skriftleg og oppseiingstida har gått ut. Oppseiingstida av plassen i skulefritidsordninga er to månader.

Utgiftene til skulefritidsordninga vert dekkja gjennom eigenbetaling frå føresette. Kommunestyret fastsett betalingssatsane, og det vert krevd betaling for 10 månader i året.

Moderasjonsordningar:

Det vert gitt søskenmoderasjon med 30% reduksjon i betalinga frå og med barn nummer to. (også i kombinasjon med barnehagen)

For 1. til 4. trinn skal foreldrebetalinga ikkje utgjere meir enn 6% av den samla inntekta.

Elevar på 1., 2. og 3. trinn har gratis kjernetid (12 t/v)

Barn med særskilte behov i 5.-7. trinn har friplass.

Ta kontakt med skulekontoret om du har spørsmål om moderasjonsordningane.

Skulefritidsordninga er stengd i veke 29 til veke 33 kvart år. SFO startar i veke 33 den dato som skulen startar.. SFO er stengd jul- og nyttårsaften og onsdag før skjærtorsdag. I tillegg har SFO stengt fem kurs/planleggingsdagar i løpet av eit skuleår. Opphaldstida i SFO på skuledagar er frå klokka 07:00 til skulestart 08:20, frå skuleslutt til 16:30. På dagar der det er skulefri har SFO opphaldstid frå 07:00 til 16:30.

Tilbodet kan i ferieperiodar bli gitt i samarbeid med barnehagen.

[Forskrift om skulefritidsordning Bokn](#)

Kommunen har fylgjande tilbod: (Satsar vedtatt i kommunestyret 10.12.24)

SFO alternativ	Pris pr. måned	Pris pr. måned 1, 2. og 3. trinn
Alle skuledagar og fridagar (7:00-16:30)	4287,-	2751,-
Alle skuledagar (7:00-16:30)	2857,-	1321,-
Full dag 3 dagar (7:00-16:30)	1862,-	326,-
Lang ettermiddag 5 dagar (skuleslutt-16:30)	2251,-	715,-
Lang ettermiddag 3 dagar (skuleslutt – 16:30)	1584,-	Gratis
Kort dag 5 dagar (skuleslutt – 14:30)	655,-	Gratis
Morgen + kortdag 5 dagar (7:00-14:30)	1486,-	Gratis

Skuleåret 2025/26 sluttar småskulesteget skuledagen på fylgjande tider :

Måndag, onsdag og fredag kl 12:10

Tysdag og torsdag kl 14:30

Elevar med rett til skuleskyss, har ikkje fri skyss til og frå SFO. (Jfr. Kolumbus sitt skyssreglement)

Påmeldingar, endring av plass og oppseiingar skal meldast via foresattportalen. (Link i appen)

<https://skole.visma.com/bokn>

Merk at søknadsfristen er 1. mars

- Velg startdato 1. august (**første skuledag er 14.08 for skuleåret 25/26**)

10 betalingsterminar kvart skuleår, første betaling i august.

All påmelding, endring av plass og oppseiing skal gjerast i foresattportalen.